



Budsjett 2023

Drift og eigedom
Helse Førde HF

Innholdsliste

1	Samandrag	3
2	Status	4
3	Budsjett per avdeling	5
	3.1 Medisinsk-teknisk avdeling (MTA)	5
	3.2 Husøkonom	6
	3.3 Matforsyning	7
	3.4 Teknisk drift	10
	3.5 Pasientreiser	12
4	Bemanningsplan 2023	13
5	Budsjettprosess	13

1 Samandrag

Drift og eigedom legg til grunn ei brutto budsjetttramme på 280,6 millionar i 2023.

Budsjett-tekniske føresetnader

Krav til generell innsparing på 2,2 millionar er innarbeidd i budsjett for 2023. Utarbeidd prognose for 2022, korrigert for effektar av Covid-19, er utgangspunktet for budsjettarbeidet. Naturlege endringar i drifta i 2022 er soleis innarbeidd i budsjettdokumentet. Større planlagde endringar frå budsjett 2022 til budsjett 2023 er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

Føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt til grunn ved prisjustering.

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, og alle leiarane i drift og eigedom vore involverte. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet, og samarbeidet har fungert godt i arbeidet med budsjett. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har administrerande direktør kome fram til budsjetttramme for 2023.

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	0
Lønnsjustering inkludert pensjon	6 220
Kostnader prisjustering	3 962
Inntekter prisjustering	-1 242
Sum prisendringar	8 939
Basistilskot	962
Kompensasjon lønsoppgjjer	1 072
Auka aktivitet Tronvik	1 725
Utflytting frå Førdegården	-2 500
Vedlikehald av bygg og anlegg - redusert grunna dårlig økonomi	-6 000
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-4 198
Sum netto kostnader	-0

Drift og eigedom	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	-	239 481	238 519	238 519	-962	0	-0,4 %
Andre inntekter	35 216	40 285	40 875	42 117	591	1 242	1,5 %
Sum driftsinntekter	35 216	279 765	279 394	280 636	-371	1 242	-0,1 %
Varekostnader	-17 822	-17 846	-18 389	-18 941	-543	-552	3,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-90 771	-94 114	-92 607	-96 496	1 507	-3 889	-1,6 %
Variable tillegg og overtid	-6 223	-5 378	-5 218	-5 437	160	-219	-3,0 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-40 674	-44 558	-44 394	-46 760	164	-2 366	-0,4 %
Innleige av personell	-3	-10	-49	-51	-39	-2	406,7 %
Reisekostnader	-197	-903	-877	-903	26	-26	-2,9 %
Diverse personalkostnad	6 175	5 701	5 905	6 076	205	171	3,6 %
Refusjonar løn	5 067	2 930	2 689	2 802	-240	113	-8,2 %
Sum løn og personalkostnader	-126 626	-136 331	-134 550	-140 770	1 781	-6 220	-1,3 %
Andre driftskostnader	-136 669	-125 588	-117 516	-120 926	8 072	-3 410	-6,4 %
Sum driftskostnader	-281 117	-279 765	-270 455	-280 636	9 311	-10 181	-3,3 %
Sum	-245 901	-0	8 939	-	8 939	-8 939	

Budsjettframlegg for avdelingane i drift og eigedom:

Tal utan basisramme:

Drift og eigedom	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
HUSØKONOM	- 41 041	- 42 528	- 42 923	- 45 026	- 395	- 2 103	0,9 %
MATFORSYNING	- 36 844	- 36 595	- 37 279	- 39 073	- 684	- 1 794	1,9 %
MEDISIN TEKNISK AVDELING	- 26 369	- 24 165	- 23 526	- 24 293	639	- 767	-2,6 %
PASIENTREISER	- 8 702	- 10 395	- 8 777	- 8 984	1 618	- 208	-15,6 %
TEKNISK DRIFTSAVDELING	- 109 575	- 106 025	- 97 310	- 101 253	8 715	- 3 943	-8,2 %
DRIFT OG EIGEDOM FELLES	- 23 370	- 19 774	- 19 765	- 19 890	9	- 124	0,0 %
Sum	- 245 901	- 239 481	- 229 580	- 238 519	9 901	- 8 939	-4,1 %

2 Status

Drift og eigedom skal levere gode støttetjenester til pasientbehandlingen ved sjukehusa. For å gjere dette på ein god måte må vi ha fokus på godt arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i lengre tid.

Drift og eigedom har ansvaret for forvaltning av eigedomsmassen til føretaket og har fokus på det verdibevarande vedlikehaldsarbeidet. Sjølv om bygningsmassen vert eldre har vi dei fire siste åra halde den tekniske tilstandsgraden på våre bygg på om lag same nivå som målingane i 2015. Vi har i stor grad fulgt opp «bygningsmessig utviklingsplan» som er eit planverk for å stabilisere og hente inn vedlikeholdsetterslepet i bygningsmassen vår.

Tiltak gjennom prosjekt Nye Førde Sjukehus (NFS) vil i åra framover betre tilstandsgraden på den eksisterande bygningsmassen.

Covid-19 har prega alle avdelingane i drift og eigedom og alle har bidratt på ulike måtar for å takle denne krevjande situasjonen vi har stått i.

Budsjetta for dei ulike avdelingane i drift og eigedom vert presentert under.

3 Budsjett per avdeling

3.1 Medisinsk-teknisk avdeling (MTA)

Medisin teknisk drift	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	-	24 165	24 293	24 293	129	-	100,0 %
Andre inntekter	300	216	25	26	-191	1	-88,4 %
Sum driftsinntekter	300	24 380	24 318	24 319	-62	1	-0,3 %
Varekostnader	-11	-5	-5	-5	-	-0	0,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-5 655	-6 148	-5 879	-6 126	269	-247	-4,4 %
Variable tillegg og overtid	-596	-550	-573	-597	-23	-24	4,2 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-2 779	-3 303	-3 072	-3 036	230	36	-7,0 %
Reisekostnader	-10	-163	-137	-141	26	-4	100,0 %
Diverse personalkostnad	-	-76	-76	-79	-	-3	0,0 %
Refusjonar løn	284	7	50	52	43	2	593,5 %
Sum løn og personalkostnader	-8 755	-10 233	-9 688	-9 928	545	-240	-5,3 %
Andre driftskostnader	-17 903	-14 143	-13 858	-14 386	284	-528	-2,0 %
Sum driftskostnader	-26 669	-24 380	-23 551	-24 319	829	-768	-3,4 %
Sum	-26 369	-	767	-	767	-767	

Tal utan basisramme:

Medisin teknisk avdeling	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
MTA FLORØ	- 165	- 167	- 167	- 174	-	- 6	0,0 %
MTA LÆRDAL	- 3 530	- 2 970	- 2 949	- 3 068	21	- 120	-0,7 %
MTA NORDFJORD	- 3 057	- 3 210	- 3 212	- 3 342	- 2	- 131	0,0 %
MTA FØRDE	- 19 617	- 17 818	- 17 199	- 17 709	619	- 510	-3,5 %
Sum	- 26 369	- 24 165	- 23 526	- 24 293	639	- 767	-2,6 %

Budsjettframlegget til MTA syner ein reduksjon på 639 000 i høve budsjett for 2022. Endringar og tiltak for å redusere kostnader, kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	-
Inntekter prisjustering	-1
Lønnsjustering inkludert pensjon	240
Kostnader prisjustering	528
Sum prisendringar	767
Basistilskot	-129
Kompensasjon lønsoppgjer	76
Drift nytt MTU utstyr	400
MTU - med. heimeb. - til med klinikk	-900
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-215
Sum netto kostnader	-

MTA er oppteken av å levere gode tenester med høg fagleg kvalitet til brukaravdelingar, som ledd av dette vil vi derfor i 2023 gjennomføre ein brukarundersøking hos avdelingar vi server.

2023 vil vere prega av eit stramt budsjett, gode vedlikehaldsrutinar vil derfor vere viktig for å klare å halde vedlikehaldsbudsjettet.

Helse Førde må gjennomføre ei nødvendig oppgradering av overvåkingsanlegga på alle lokasjonar, dette av omsyn til IKT-sikkerheit, overgang til HVIKT sin infrastruktur samt utviding i samband med

byggeprosjektet i NFS. Oppgraderinga vil medføre auka driftskostnader for MTA som vil treffe i slutten av 2023. med full årseffekt frå 2024.

Helse Førde innførte FDV-systemet Medusa i 2016, vi var det første føretaket i Helse Vest som innførte det nasjonale systemet for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). I løpet av 2022 har alle føretaka i Helse Vest tatt i bruk Medusa, vi har etablert ein felles database i regionen som forenkler samarbeid på tvers av føretaka.

Det er etablert ei regional forvaltingsgruppe som skal ivareta vidareutvikling, endringsbehov og support av systemet. Det blir blir jobba kontinuerlig med å vidareutvikle systemet.

Samarbeidet i MTA-miljøet i Helse Vest er svært godt, dette samarbeidet blir stadig viktigare og vil halde fram. Vi har jamlege møter med erfaringsutveksling og samordning av regionale og nasjonale prosessar.

Medisinsk teknisk utstyr i dag krev integrasjonar mot fleire fagsystem, og det vert i aukande grad regionale system som involverer alle føretak. Samarbeidet med Helse Vest IKT vert derfor særskilt viktig i åra framover.

Avdelinga har ansvar for innkjøp av medisinsk utstyr i Helse Førde og er bindeledd frå verksemda inn mot anskaffingsprosessane av medisin teknisk utstyr (MTU).

Arbeidsmiljøet på MTA er svært bra og sjukefråværet er lågt. Vi har fokus på å ivareta det gode arbeidsmiljøet.

3.2 Husøkonomi

Husøkonomi	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	-	42 528	45 026	45 026	2 498	0	100,0 %
Andre inntekter	5 102	5 100	5 187	5 349	86	162	1,7 %
Sum driftsinntekter	5 102	47 629	50 213	50 375	2 584	162	5,4 %
Varekostnader	-760	-704	-680	-700	24	-20	-3,4 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-23 353	-23 632	-24 114	-25 126	-481	-1 013	2,0 %
Variable tillegg og overtid	-885	-805	-800	-834	5	-34	-0,7 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-9 996	-10 687	-10 815	-11 568	-128	-753	1,2 %
Reisekostnader	-3	-64	-61	-63	3	-2	-4,3 %
Diverse personalkostnad	3 106	3 003	3 488	3 592	485	104	16,2 %
Refusjonar løn	1 438	915	1 066	1 111	151	45	16,5 %
Sum løn og personalkostnader	-29 693	-31 272	-31 236	-32 888	36	-1 652	-0,1 %
Andre driftskostnader	-15 689	-15 653	-16 194	-16 787	-541	-592	3,5 %
Sum driftskostnader	-46 143	-47 629	-48 110	-50 375	-481	-2 265	1,0 %
Sum	-41 041	-0	2 103	-	2 103	-2 103	

Tal utan basisramme:

Husøkonomi	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
HUSØKONOMI LÆRDAL	- 5 672	- 6 021	- 5 980	- 6 253	41	- 273	-0,7 %
HUSØKONOMI NORDFJORD	- 5 505	- 5 828	- 5 833	- 6 099	- 5	- 265	0,1 %
HUSØKONOMI FØRDE	- 28 913	- 29 547	- 29 981	- 31 492	- 434	- 1 511	1,5 %
HUSØKONOMI FELLES	- 950	- 1 132	- 1 129	- 1 182	3	- 53	-0,3 %
Sum	- 41 041	- 42 528	- 42 923	- 45 026	- 395	- 2 103	0,9 %

Budsjettframlegget til husøkonomi syner ein auke på 395 000 i høve budsjett for 2022. Endringar og tiltak for å redusere kostnader og auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	0
Inntekter prisjustering	-162
Lønnsjustering inkludert pensjon	1 652
Kostnader prisjustering	613
Sum prisendringar	2 103
Basistilskot	-2 498
Kompensasjon lønsoppgjjer	260
Auka aktivitet Tronvik	365
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-230
Sum netto kostnader	-

Husøkonomi set høge krav til reinhald i sjukehus. Eit godt reinhald skal være med å hindre smittespreiing og auke trivselen for pasientar og personale. Innføring av kontroll av reinhaldet (ATP og Hygokult) starta hausten 2022 og vidareførast 2023. Målet er å avdekke eventuelle smittekjelder og gjere forbetrande tiltak.

Ved Førde sentralsjukehus har husøkonomi sett behov for reingjering på kveldstid. Smitteutvask og utvask etter at pasienten har reist vert enten overlatt til pleiepersonell, eller rommet blir ståande tomt til neste dag. Seksjon reinhald Førde har i 2022 gjort tilpassing i turnus og innført kveldsvakt 12.00 - 20.00.

Husøkonomi vil i 2023 ha fokus på å motivere ufaglærte tilsette til å gjennomføre teoretisk og praktisk utdanning som kvalifiserer til fagbrev som reinhaldsoperatør. Fagbrev er kvalitetsstempel på kompetanse og gjev auka yrkesstoltheit til reinhaldsfaget.

Husøkonomi er vidare klar for å ta i bruk Imatis ved sengepostane. Målet er at pleiepersonell skal gje straksinformasjon til reinhald om sengerom som er klar for reingjering, samt at tilsette ved reinhald betre skal kunne planlegge arbeidsdagen sin.

Eit godt arbeidsmiljø handlar om korleis vi jobbar, organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet på arbeidsplassen. Avdeling husøkonomi har eit godt arbeidsmiljø. Det vert arbeidd godt med sjukefråværet, tilsette trivst på jobb.

Bustadformidling husøkonomi:

Bustadmassen som Helse Førde leiger av bustadformidlinga ved LSH og NSH er organisert under husøkonomi. I 2022 har store deler av bustadane som Helse Førde leiger i Lærdal blitt renoverte, og fleire er planlagt renoverte i 2023. Ved NSH har bustadformidlinga dei siste seks åra totalrenoverte ni leilegheiter og elleve hyblar.

3.3 Matforsyning

Matforsyning	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	-	36 595	39 073	39 073	2 478	0	100,0 %
Andre inntekter	8 266	10 459	10 258	10 569	-201	311	-1,9 %
Sum driftsinntekter	8 266	47 054	49 331	49 642	2 277	311	4,8 %
Varekostnader	-16 242	-16 243	-16 889	-17 396	-647	-507	4,0 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-19 832	-20 201	-20 923	-21 802	-722	-879	3,6 %
Variable tillegg og overtid	-1 473	-1 408	-1 350	-1 407	58	-57	-4,1 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-8 718	-9 581	-9 663	-10 368	-82	-706	0,9 %
Innleige av personell	-3	-10	-49	-51	-39	-2	406,7 %
Reisekostnader	-122	-192	-191	-197	1	-6	-0,5 %
Diverse personalkostnad	-152	-219	-155	-160	64	-5	-29,1 %
Refusjonar løn	462	353	547	570	194	23	55,0 %
Sum løn og personalkostnader	-29 839	-31 257	-31 783	-33 414	-526	-1 631	1,7 %
Andre driftskostnader	969	446	1 135	1 168	689	33	154,6 %
Sum driftskostnader	-45 111	-47 054	-47 537	-49 642	-483	-2 105	1,0 %
Sum	-36 844	-0	1 794	-	1 794	-1 794	

Tal utan basisramme:

Matforsyning	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
KJØKKEN ISP	- 1 959	- 2 029	- 2 069	- 2 162	- 40	- 93	2,0 %
KJØKKEN LÆRDAL	- 4 355	- 4 314	- 4 312	- 4 527	2	- 215	0,0 %
KJØKKEN NORDFJORD	- 4 900	- 4 924	- 4 923	- 5 154	1	- 231	0,0 %
PRODUKSJONSKJØKKEN FØRDE	- 24 056	- 23 944	- 24 575	- 25 763	- 631	- 1 188	2,6 %
MATFORSYNING FELLES	- 1 574	- 1 384	- 1 400	- 1 467	- 16	- 67	1,1 %
Sum	- 36 844	- 36 595	- 37 279	- 39 073	- 684	- 1 794	1,9 %

Budsjettframlegget til matforsyning syner ein auke på 684 000 i høve budsjett for 2022. Prisendringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	0
Inntekter prisjustering	-311
Lønnsjustering inkludert pensjon	1 631
Kostnader prisjustering	474
Sum prisendringar	1 794
Basistilskot	-2 478
Kompensasjon lønsoppgjjer	234
Auka aktivitet Tronvik	860
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-410
Sum netto kostnader	-

Matforsyning legg opp til å vidareføre dagens mattilbod til pasientar og andre brukarar i 2023, med noko lokal tilpassing. Budsjettet gjev matforsyning utfordringar knytt til bruk av personalressursar og råvarekost da matvareprisane har hatt ein betydeleg prisvekst i 2022. Frå Sykehusinnkjøp er det signalisert rundt 10 prosent prisauke på årsbasis for 2023. Våre kantineprisar vil frå januar 2023 få tilsvarande prisvekst. Elles er inntektsmålet frå kantinesal veldig ambisiøst. Eit stramt budsjett gir lite rom for å investere i utstyr og innovasjon, innanfor fag og drift. Drifta i matforsyning vil vere sårbar ved høgt sjukefråvær. Det gjeld særleg utfordring knytt til å skaffe kvalifiserte vikarar. Nokre seksjonar i matforsyning har auka risiko grunna låg bemanning einskilde driftsdagar (frå to til ein personalressurs).

Fokusområde i 2023 vil vere å drive forbetningsarbeid knytt til sjukefråvær, fag, og på drift. På drift handlar det om å implementere miljøkrav om reduksjon i matsvinn på 50 prosent, fram mot 2030. Matforsyning vil følgje opp brukarundersøking på mattilbodet til pasientane. Dette arbeidet skjer lokalt på kvar seksjon, gjennom mat og menyutvikling, og i drøftingar i matpanelet til Helse Førde. Leiar i matforsyning deltek i regionalt prosjekt i HV om felles datastyringsprogram, for alle kjøkkene i Helse Vest, som skal vere på plass i løpet av 2023.

Matforsyning HFD er Debio-godkjent ut år 2023 med bronsemerke, mellom anna på bakgrunn at vi nyttar nærare 20 prosent økologiske matvarer. Helse Førde og matforsyning deltek i regionale og nasjonale fagforum. På nasjonalt plan bidreg vi med ein ressurs til Sykehusinnkjøp, innafor storkjøkkenutstyr og mat og drikke.

3.4 Teknisk drift

Teknisk drift	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	-	106 025	101 253	101 253	-4 772	-0	100,0 %
Øyremerka midlar	-	-	-	-	-	-	0,0 %
Andre inntekter	20 902	23 857	24 741	25 490	884	749	3,7 %
Sum driftsinntekter	20 902	129 882	125 993	126 742	-3 888	749	-3,0 %
Varekostnader	-809	-894	-815	-839	79	-24	-8,9 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-34 191	-34 728	-34 145	-35 579	583	-1 434	-1,7 %
Variable tillegg og overtid	-3 177	-2 565	-2 441	-2 544	124	-103	-4,8 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-15 767	-17 291	-17 161	-18 089	129	-928	-0,7 %
Reisekostnader	-62	-343	-346	-356	-3	-10	0,7 %
Diverse personalkostnad	3 261	3 159	2 843	2 924	-316	81	-10,0 %
Refusjonar løn	2 728	1 357	914	952	-444	38	-32,7 %
Sum løn og personalkostnader	-47 209	-50 410	-50 337	-52 692	74	-2 355	-0,1 %
Andre driftskostnader	-82 459	-78 577	-70 899	-73 211	7 678	-2 313	-9,8 %
Sum driftskostnader	-130 477	-129 882	-122 050	-126 742	7 831	-4 692	-6,0 %
Sum	-109 575	0	3 943	-	3 943	-3 943	

Tal utan basisramme:

Teknisk driftsavdeling	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
PORTØR	- 12 863	- 12 662	- 12 633	- 13 190	29	- 557	-0,2 %
EKSPEDISJON OG PASIENTHOTELL	- 15 095	- 16 592	- 16 448	- 17 126	144	- 678	-0,9 %
TEKNISK DRIFT FØRDE OG TRONVIK	- 43 672	- 39 575	- 37 467	- 38 942	2 108	- 1 475	-5,3 %
TEKNISK DRIFT LÆRDAL, ISP	- 10 990	- 12 419	- 9 700	- 10 077	2 720	- 377	-21,9 %
TEKNISK DRIFT NORDFJORD	- 13 696	- 11 769	- 10 384	- 10 806	1 385	- 422	-11,8 %
TEKNISK FELLES	- 13 259	- 13 007	- 10 678	- 11 111	2 328	- 433	-17,9 %
Sum	- 109 575	- 106 025	- 97 310	- 101 253	8 715	- 3 943	-8,2 %

Budsjettframlegget til teknisk drift syner ein reduksjon på 8,7 millionar i høve budsjett for 2022. Prisendringar, nye oppgåver, og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	-0
Inntekter prisjustering	-749
Lønnsjustering inkludert pensjon	2 355
Kostnader prisjustering	2 337
Sum prisendringar	3 943
Basistilskot	4 772
Kompensasjon lønsoppgjær	404
Utflytting frå Førdegården	-2 500
Vedlikehald av bygg og anlegg - redusert grunna dårlig økonomi	-6 000
Angabygget - driftskostnader	500
Auka aktivitet Tronvik	500
Auka leigeinntekter	-884
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-735
Sum netto kostnader	-

2022 har vore eit hektisk år, med mange investerings- og vedlikehaldsprosjekt. Deler av prosjekta har vi utført med egne ressursar, både prosjektering og utføring. Vedlikehaldsarbeid vert utført etter systematisk kartlegging av tilstandsgrad og tilstandsrapport frå 2020. Satsinga på enegispareiltak vil halde fram, sjølv om 5-årsprogrammet med ENOVA er avslutta. Tiltak gjennom prosjekt NFS vil i åra framover betre tilstandsgraden på den eksisterande bygningsmassen.

Ny MR og ombygging lab har vore dei største prosjekta i 2022. Utvikling av FDV vertyet Xpand har vore utfordrande i 2022, då leverandøren ikkje har løyst ein del av programfeila som er viktige for dagleg drift. Elles har ein arbeidd med opprusting av SD-anlegga og regulering/ombygging av varmeanlegga.

For 2023 ynskjer vi mellom anna å byte sløkkeanlegget på sentralarkivet i Førde, kostnad 2 millionar kroner. Anlegget er på «overtid». Teknisk FSS har eit tett og godt samarbeid med prosjekt Nye Førde sjukehus (NFS) og bidreg med to ressursar inn i prosjektet. Medverknad er viktig for å påverke byggeprosjekta i driftseffektiv retning og for å lette overgangen frå prosjekt til drift. Alle våre fagområde er i ulik grad involvert i NFS. Det ligg genrelt ein risiko i straumprisane for Indre Sogn. Det er lagt opp til eit «normalår» i budsjettet.

På grunn av høgare driftskostnader på anna aktivitet i Helse Førde er pott til vedlikehaldsprosjekt redusert med 6 millionar til 7,9 millionar frå 2022 til 2023 (43 prosent).

Bustadformidling

Bustadmassen som Helse Førde leiger av bustadstiftinga i Førde, er ferdig rehabilitert. Dette medfører at leigetakarane er meir tilfreds, og vi har jamt høgt belegg. I 2023 overtek vi 18 nye bueingar og vidare vert bustadane som ikkje høver til vår drift oppsagde. Det er ein risiko for mindre inntekter i 2023. Marknaden har endra seg, og fleire kjøper bustader i staden for å leige. Formidlinga vurderer å seie opp noko av den eldre bustadmassen, men dette skjer i samråd med bustadstiftinga.

Portør

På hausten 2022 har vi starta opp jobbinga med «der skoen trykker» som eit tiltak for å få ned sjukefråværet. Dette arbeidet vil fortsette inn i 2023. Vi har også tatt i bruk nytt lokale og nye maskiner på sengesentralen. I 2023 vil vi jobbe med å optimalisere logistikken av senger i ombygingsperioden.

Portørane skal framleis ivareta sine primæroppgåver, pasienttransport og avfallshandtering. Fokus i 2023 vil vere knytt til sjukefråvær, arbeidsmiljø og auka kompetanse.

Ekspedisjon og pasienthotell

Ekspedisjonen (sentralbord, resepsjon, innskrivingsentral, ID-kontor, bodkontor og arkiv) vil ha fokus på god service til alle som tek kontakt. Vi vil ta del i pågåande prosjekt som er relevant for seksjonane. Det pågår endringsarbeid i høve resepsjonen og tanken er å samle fleire funksjonar i ny utvida resepsjon, då i takt med den generelle utviklinga der pasienten skal vere meir i fokus.

Pasienthotellet vil jobbe for at pasientar og andre gjestar kjenner seg velkomne og ivaretekne under opphaldet. Vi har fokus på knutepunktfunksjonen, for å halde nede tal korridorpatientar og avlaste sengepostane, samt ivareta den pasientopplevde kvaliteten ved å ha pasientane på rett omsorgsnivå.

3.5 Pasientreiser

Pasientreiser	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
Basistilskot	9	10 395	8 984	8 984	-1 410	-	100,0 %
Sum driftsinntekter	9	10 395	8 984	8 984	-1 410	-	-13,6 %
Løn til fast tilsette og vikarar	-5 943	-7 505	-5 647	-5 884	1 858	-237	-24,8 %
Variable tillegg og overtid	-92	-49	-54	-56	-5	-2	10,3 %
Feriepenger og sosiale kostnader	-2 601	-2 840	-2 809	-2 770	31	39	-1,1 %
Reisekostnader	-4	-88	-89	-92	-1	-3	1,5 %
Diverse personalkostnad	-16	-54	-83	-86	-29	-3	53,0 %
Refusjonar løn	155	297	112	117	-185	5	-62,2 %
Sum løn og personalkostnader	-8 500	-10 238	-8 569	-8 770	1 670	-201	-16,3 %
Andre driftskostnader	-211	-156	-208	-214	-52	-6	33,0 %
Sum driftskostnader	-8 711	-10 395	-8 777	-8 984	1 618	-208	-15,6 %
Sum	-8 702	-	208	-	208	-208	

Pasientreiser	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22 kr.)	Budsjett 2023	Endring B23-B22	Prisendring B23-B22	Endring i prosent
PASIENTREISER	- 8 702	- 10 395	- 8 777	- 8 984	1 618	- 208	-15,6 %
Sum	- 8 702	- 10 395	- 8 777	- 8 984	1 618	- 208	-15,6 %

Budsjettframlegget syner ein reduksjon på 1,6 millionar i høve budsjett for 2022.

Prisendringar, nye oppgåver, og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader budsjett 2022	-
Inntekter prisjustering	-
Lønnsjustering inkludert pensjon	201
Kostnader prisjustering	6
Sum prisendringar	208
Basistilskot	1 410
Kompensasjon lønsoppgjjer	77
Flytte kvit bil til ambulansetenesta	-1 600
Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2022	-95
Sum netto kostnader	-

Vi ser ein auka aktivitet hausten 2022, både når det gjeld tal rekvisisjonar og samkøyringsgrad. Vi ser difor føre oss at vi i 2023 kjem til å ligge rundt normalåret 2019.

Det vil i 2023 bli jobba mykje opp mot nye anbod frå 01. februar 2024. Dette kjem til å bli ein krevjande prosess, med tanke på auka drivstoffprisar, overgang til fossilfri bilpark og ikkje minst potensielt reduksjon i tal rullestolbilar i Helse Førde sitt dekningsområde. Første halvåret i 2023 vil vi bruke tid på å bygge opp vår nyttilsette driftskoordinator. Driftskoordinatoren har ei nøkkelrolle i pasientreiser og vil i tillegg til opplæring internt hos oss få god opplæring av både Sykehusinnkjøp, Pasientreiser Helse Bergen og Pasientreiser HF i Skien.

I samband med ny driftskoordinator vil vi innføre rapport for hendingar og kommuneskjema frå systemet «Bliksund». Registreringa er eit verktøy for å registrere hendinga som skjer i samband med ei pasientreise. Løysinga gir pasientreiser ei rask og god oversikt over alle avvik knytt til pasienttransport, samtidig som den gjer det svært enkelt å ha tovegs kommunikasjon med transportørane om avvik. Kommuneskjema er eit verktøy der vi kan halde oversikt over opplysningar

og beskjedar knytt til dei ulike kommunane vi har ansvar for. Det gjer det også enklare å samhandle på tvers av helseforetak, spesielt mot Helse Bergen.

Avdelinga vil styrke funksjonen som fagansvarleg. Dette er særskild viktig då vi i 2023 vil innføre ny rekvisisjonspraksis og attestasjonsløyising, noko som betyr store endringar på korleis vi jobbar i avdelinga. Pågangen på telefon vil i oppstarten truleg medføre ei ekstra belastning for dei tilsette. Fram til oppstart er det viktig for avdelinga å ha fokus på informasjonsarbeid ut mot avdelingane i føretaket og til pasientane.

4 Bemanningsplan 2023

Endring i netto månadsverk

Netto månadsverk	Snitt 2021	Budsjett 2022	Snitt 2022	Budsjett 2023	Endring B23-Snitt2022	Merknad
Husøkonomi	51,4	52,4	52,5	52,9	0,4	Tronvik
Matforsyning	42,3	42,3	43,8	44,4	0,6	Tronvik
Medisinsk teknisk avdeling	11,6	11,6	12,0	12,0	-	
Pasientreiser	12,6	12,0	11,3	12,6	-	
Teknisk driftsavdeling	72,2	72,2	68,2	68,4	0,2	Tronvik
Drift og eigedom felles	2,0	2,0	2,2	2,0	-	
Sum drift og eigedom	192,1	192,5	190,1	192,3	1,2	

*Snitt t.o.m. november

Tabell syner at vi gjennom 2022 har vi hatt 2,4 færre månadsverk enn planlagt for budsjettåret.

5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunktane i samband med budsjettprosessen i drift og eigedom.

Datoar for budsjettarbeid 2023		
Dato	Deltakarar	Tema
14.09.2022	Avdeling og seksjonsleiarar	Utsending av rammmer for budsjett 2023
14.09.2022	Tillitsvalde og verneombod	Utsending av rammmer for budsjett 2023
06.10.2022	Avdelingssjef Matforsyning, seksjonsleiar i Matforsyning + FHTV Delta, KTV Fagforbundet og HVO i Drift og eigedom/Stab	Gjennomgang av nedtakstiltak og budsjett -B23 i Matforsyning. Budsjettprotokoll underskrevet
18.10.2022	Leiing, tillitsvalde og vernombod	Drøfting av budsjett 2022 for MTA
04.11.2022	Leiing, tillitsvalde og vernombod	Drøfting av budsjett 2023 for Teknisk drift. Gjennomgang av risikofaktorar for 2023 budsjett.
16.11.2022	Leiing, tillitsvalde og hovedverneombod	Informasjon om budsjett for avdelingane i drift og eigedom
21.11.2022	Leiing, tillitsvalde og hovedverneombod	Drøfting av budsjett 2022 for drift og eigedom

----- O -----